

Lesja Kommune / Bane Nor

Dato: 02.02.2017  
Vår ref:  
Dykkar ref: 201700113-1

## Svar på brev fra BaneNor av 02.01.2017

Bane NOR har følgjande innspel som Nordplan AS svarar med **rød** tekst

### Kryssingsspor.

Kryssingssporet på Lesja er kort (313 m). Bane NOR må ta atterhald om evt. forlenging.

**Det er auka bredda på brua slik at det er mulighet for 2 spor over brua.**

Tverrprofilar er ikkje målsett så det er ikkje mogleg å uttale seg til nærføringa. (profilane må syne avstand til senterlinja i næraste spor), men det framkjem at den foreslegne brukonstruksjonen ligg heilt inn mot sporveksel 1 (sporveksel i øst), og ikkje gjer det mogleg å endre sporvekseltype seinare. Løysinga inneber at Bane NOR berre kan forlenge kryssingssporet vestover. Dersom sporet skal forlengast austover mot Dombås, må brukonstruksjonen skiftas ut og veggen byggjast om.

**Tverrprofiler er målsatt på reviderte teikningar. Det er auka bredda på brua slik at det er mulighet for 2 spor over brua.**

Dette vil være kostbart, og Bane NOR vil ikkje kunne godta ei løysning som inneber aukte kostnadar for oss. Kryssing av jernbana må ta omsyn til evt. framtidig sporforlenging.

**Det er lagt inn bredde på bru med mulighet for 2 spor over brua.**

### Brukonstruksjon

I del 3.6, kap4, TR 520 står det krav til jernbaneverkets standard røyrrykkverk.

Standard røyrrykkverk er berekna for område der det normalt berre er folk frå Jernbaneverket/ Bane NOR som skal ferdas. Bare i en naudsituasjon skal publikum evakueras derfrå. Spørsmål: Er rekkverk i teikninga ihht våre krav til standard røyrrykkverk?

**Tegning og tekst er oppdatert hht.. tekst og krav frå Bane Nor.**

Ballasthøgde på bru må påførast teikning/forklarast.

**Ballast høgde er 0,8 meter , påført snitt teikning K41.01**

Kva fall har brudekket mot avløp? Større enn > 1:70? Dette må påførast teikning/forklarast.

**Det skal være min fall på 1:70 , drenering skal førast fram og koblast til overvatn/ dreneringskum. Om det er nødvendig så kan det lagast utsparing i overgangsplaten for nå tak i sandfangskum for tilkobling.**

Kabelkanalar må teiknast inn.

**Det er lagt inn ein kabelkanal med lokk på kvar side på brua på oppdaterte tegningar, om dette er tilstrekkelig må finnast ut og løysast i detaljfasen.**

Utløp frå dreneringa må påførast teikning/forklarast?

Om nødvendig så kan det lagast utsparring i overgangsplatene for å få dreneringa gjennom og ned til sandfangskum for tilkopling til overvatn / drenskum i vegbane nivået.

Overgang til landkar og ferdsel på landkar er ofte for dårleg gjennomtenkt med omsyn til sikring mot at pukk kan ramle ned i fuge eller på landkar. Er det godt gjennomtenkt med omsyn til sikring mot at pukk ramlar ned i fuge eller på landkar?

I følge Bane Nor så har dei ikkje nokon standard detaljer på dette, vi føreslår at dette blir løyst i detaljfase.

Er det membran mellom bru og pukk på overflata av brudekke?

Membran er lagt inn på reviderte teikningar , vidare detaljering av dette føreslår vi at blir løyst i ei detaljeringsfase.

Må beskrivast og teiknast inn i snitt A?

Membran er lagt inn på reviderte teikningar , vidare detaljering av dette føreslår vi at blir løyst i ei detaljeringsfase.

«Litt trau på kvar side av rekkverk» må utdjupast/forklarast.

Det er tegna inn lokk over kabel kanalene på reviderte tegninger , antall kabel kanalar osv. må løysast i sin heilhet i neste ei detaljeringsfase når omfang og krav er bestemt.

Forbindinga mellom brudekke og betongvegg ser merkeleg ut. Kvar er overgangsplatlar? Dette må utdjupast/forklarast betre.

Det er lagt inn overgangsplate etter Teknisk regelverk frå seksjon 5.4 landkar og støttemur, kap. 7 betongkonstruksjoner på reviderte tegninger.  
Det er også lagt inn konsollar for opplegg av overgangsplatene .

### **Vann og avløp**

Løysning for overvatnsshandling ser bra ut, med god løysning for drenering, og med passe tettleik på slukar med sandfangkum. Det føreligg ikkje berekningar for dimensjonering av overvatnsleidning. Dette må gjerast.

Dimensjonering av overvannsledning gjerast i en detaljfase

Innlegging av kulvert kan medføre redusert grunnvatnstand. Difor må det vurderast om dette kan gje setningar mm.

Dette ser man på i detaljeringsfase

Med helsing  
for Nordplan AS

Ola Forren Sørensen  
Vegplanlegger